



Det kongelige olje- og energidepartement
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

| | |
|------------------------------|-------|
| OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET | |
| 08 / 01497 - 58 | |
| DATO 23 MAI 2011 | |
| AN | EKSP. |

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200603861-35/344/GMAT

Dykkar ref.:
08/01497-19

Bergen, 20. mai 2011

Kraftlinja Mongstad - Kollsnes. NVE si innstilling - fråsegn frå Hordaland fylkeskommune

Vi viser til brev dagsett 21.3.11 der Hordaland fylkeskommune er beden om å gje fråsegn til NVE si innstilling om kraftline Kollsnes – Mongstad.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama i møte 19.5. sak 96/11 og gjorde følgjande vedtak om motsegn i saka:

VEDTAK:

1. *Fylkesutvalet viser til fråsegn i saka frå 19.06.08 sak 167/08, og meiner kabling er løysinga i det sårbare kystlandskapet i Nordhordland og Øygarden.*
2. *For omsøkte alternativ med kombinasjonar av sjøkabel og luftline er konfliktnivået for nordre og midtre alternativ frå Radøy til Mongstad så omfattande at ein sterkt rår frå at desse vert valt.*
3. *Trasévalet går over Rapeneset og Fosenstraumen kor det er påvist rundt 76 automatisk freda kulturminne, i hovudsak steinalderbuplassar som utgjer eit heilskapeleg kulturmiljø av nasjonal verdi. Funna har stor tidsdybde og høg opplevings- og formidlingsverdi. Store delar av Rapeneset er spesialområde, bandlagd etter Kulturminnelova, i eksisterande kommuneplan for Radøy. Kraftlinja er i direkte konflikt med fleire av dei automatisk freda kulturminna, med det bandlagde området, samt det heilskapelege kulturmiljøet i Fosenstraumen. Fylkesutvalet fremjar motsegn på innstilling til trasé grunna dei store konfliktane på Rapeneset og Fosenstraumen.*

Vedlagt følgjer kopi av møtebok og saksutgreiing. Vedtak og saksutgreiing kan ein og lese på nettstaden www.hordaland.no/energi.

Gudrun Mathisen

Anne-Gro Ullaland

Kopi: Skår, Øystein, Kultur- og idrettsavdelinga

**96/11 HØYRING AV NVE SI INNSTILLING OM 300 (420)KV KRAFTLINE KOLLSNES
- MONGSTAD, FRÅSEGN**

Det var 14 representantar til stades.

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

”Tillegg til punkt 1, første setning:
... Nordhordland og Øygarden.

Fylkesordføraren sette fram slikt forslag:

”Endring i første setning:
... og meiner kabling er løysinga ...

Endring av nummereringa:
Punkt 1 første setning vert punkt 1.
Punkt 1 andre setning vert punkt 2.
Punkt 2 vert punkt 3.”

Røysting

Innstillinga med forslaga frå Oen og fylkesordføraren vart samrøystes vedteken.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet viser til fråsegn i saka frå 19.06.08 sak 167/08, og meiner kabling er løysinga i det sårbare kystlandskapet i Nordhordland og Øygarden.
2. For omsøkte alternativ med kombinasjonar av sjøkabel og luftline er konfliktnivået for nordre og midtre alternativ frå Radøy til Mongstad så omfattande at ein sterkt rår frå at desse vert valde.
3. Trasévalet går over Rapeneset og Fosenstraumen der det er påvist rundt 76 automatisk freda kulturminne, i hovudsak steinalderbuplassar som utgjer eit heilskafeleg kulturmiljø av nasjonal verdi. Funna har stor tidsdybde og høg opplevings- og formidlingsverdi. Store delar av Rapeneset er spesialområde, bandlagd etter kulturminnelova, i eksisterande kommuneplan for Radøy. Kraftlinja er i direkte konflikt med fleire av dei automatisk freda kulturminna, med det bandlagde området, samt det heilskaplege kulturmiljøet i Fosenstraumen. Fylkesutvalet fremjar motsegn på innstilling til trasé grunna dei store konfliktane på Rapeneset og Fosenstraumen.



Arkivsak 200603861-28
Arkivnr. 344
Saksh. Anne-Gro Ullaland, Øystein Skår

| Saksgang | Møtedato |
|---------------------------|-------------------------|
| Kultur- og ressursutvalet | 10.05.2011 - 11.05.2011 |
| Fylkesutvalet | 19.05.2011 |

HØYRING AV NVE SI INNSTILLING OM 300 (420)KV KRAFTLINE KOLLSNES - MONGSTAD, FRÅSEGN

SAMANDRAG

Grunna trorg for å styrkje kraftnettet til Bergensregionen og Kollsnes søkte BKK i 2008 om konsesjon for ny 300 kV kraftline mellom Kollsnes og Mongstad, med fleire alternative traseløysingar med ulike kombinasjonar av luftline og kabel. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) si innstilling ligg no føre, og Olje- og energidirektoratet (OED) har sendt denne på høyring. Tiltrådd løysing frå NVE er den mest konfliktfylte av alternativa, og med lengst luftlinetrase. Regionen ynskjer primært kabel heile vegen.

Trasévalet går over Rapeneset og Fosenstraumen kor det er påvist rundt 76 automatisk freda kulturminne, i hovudsak steinalderbuplassar som utgjer eit heilskapeleg kulturmiljø av nasjonal verdi. Funna har stor tidsdybde og høg opplevings- og formidlingsverdi. Store delar av Rapeneset er spesialområde, bandlagd etter Kulturminnelova, i kommuneplan for Radøy. Kraftlinja er i direkte konflikt med fleire av dei automatisk freda kulturminna, med det bandlagde området, samt det heilskapelege kulturmiljøet i Fosenstraumen.

FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Fylkesutvalet viser til fråsegn i saka frå 19.06.08 sak 167/08, og meiner kabling primært må vere løysinga i det sårbare kystlandskapet i Nordhordland. For omsøkte alternativ med kombinasjonar av sjøkabel og luftline er konfliktnivået for nordre og midtre alternativ frå Radøy til Mongstad så omfattande at ein sterkt rår frå at desse vert valt.
2. Trasévalet går over Rapeneset og Fosenstraumen kor det er påvist rundt 76 automatisk freda kulturminne, i hovudsak steinalderbuplassar som utgjer eit heilskapeleg kulturmiljø av nasjonal verdi. Funna har stor tidsdybde og høg opplevings- og formidlingsverdi. Store delar av Rapeneset er spesialområde, bandlagd etter Kulturminnelova, i eksisterande kommuneplan for Radøy. Kraftlinja er i direkte konflikt med fleire av dei automatisk freda kulturminna, med det bandlagde området, samt det heilskapelege kulturmiljøet i Fosenstraumen. Fylkesutvalet fremjar motsegn på innstilling til trasé grunna dei store konfliktane på Rapeneset og Fosenstraumen.

Paul M. Nilsen

Jan Per Styve

Vedlegg: Kart omsøkte trasear frå BKK 2008
 Faktaark NVE si tilråding om kraftline Mongstad Kollsnes

FYLKESRÅDMANNEN, 24.03.2011:

1. Innleiing

BKK har søkt om konsesjon for ny 300 kV kraftline mellom Kollsnes og Mongstad. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har vurdert søknaden og oversendt si innstilling i saka til Olje- og energidirektoratet (OED). Før OED fattar vedtak i saka har dei sendt NVE si innstilling på høyring, med frist 13.mai. Fylkeskommunen vil sende innstilling frå Kultur- og ressursutvalet 10.mai som førebels fråsegn innan fristen, med ettersending av vedtak frå Fylkesutvalet.

Parallelt med denne saka har NVE også vurdert søknaden frå Statoil om ny kraftforsyning frå land til Troll A plattforma i Nordsjøen, og OED har også sendt denne innstillinga på høyring. Denne saka vert handsama separat.

2. Prosjektet

Med bakgrunn i trong for å styrke kraftforsyninga til Kollsnes og Bergensområdet søkte BKK i 2008 om løyve til å byggje ein 300 kV line frå Kollsnes – Mongstad. Denne lina er steg 1 av ein planlagd nordre forsyningsline i Bergensregionen, der del 2 Mongstad – Modalen vart omsøkt i 2010. Nedanfor følgjer hovudelement frå høyringssaka i 2008. For detaljar i saka sjå FUV-sak 167/08, alternativt NVE sine nettsider (www.nve.no under konsesjoner – nett). Mindre justeringar av trase er gjort som tilleggsøknad av BKK i etterkant av høyringssaka, i tillegg vert lina tilrettelagt for 420kV drift etter ønske frå NVE, noko som endrar kostnadsbiletet noko. Hovudbiletet er likevel som for søknaden i 2008.

BKK omsøkte tre hovudalternativ, der alle har ein kombinasjon av luftline og kabel. Heil kabel (kombinasjon sjøkabel/jordkabel) vart utgreidd men ikkje omsøkt grunna kostnader. Også heil sjøkabel vart omtalt men ikkje nærmare utgreidd grunna høge kostnadar. Omsøkte løysingar var kostnadsrekna frå 392 mill kr til 668 mill kr, medan heil kabling ville koste over ein milliard.

Alternativ 1 - Søre alternativ

Luftline 1,5 km Mongstad – Tyttebærneset i Lindås. Sjøkabel til Fesøysund i Radøy. Luftline over Radøy, med jordkabel siste 200m til sjø ved Kuvågen. Sjøkabel over Hjeltefjorden til Ljøsøysundet i Øygarden. Luftline fram til Kollsnes. Total kraftlinelengde er 35 km, der 12 km er luftline, 23 km er sjøkabel og 200m er jordkabel. Investeringskostnad 668 mill kr.

Alternativ 1.2

Detalternativ for luftline i Lindås. Linjelengde og kostnad om lag som alt 1.

Alternativ 3.1.2 –Midtre alterantiv

Luftline Mongstad – Nautaneset i Austrheim. Sjøkabel til Fesøysund i Radøy. Luftline over Radøy, med jordkabel siste 200m til sjø ved Kuvågen. Sjøkabel over Hjeltefjorden til Krossneset i Øygarden. Luftline sørover til Kollsnes transformatorstasjon. Total kraftlinelengde er 35 km, der 18 km er luftline, 17 km er sjøkabel og 200m er jordkabel. Investeringskostnad 551 mill kr.

Alternativ 3 –Nordre alternativ

Luftline frå Mongstad gjennom Austreheim og vidare kryssing over til Radøy ved Fosnstraumen og til Mjøs. Vidare kryssing av Radøy som i dei andre alternativa. Sjøkabel frå Kuvågen til Ådnaneset i Øygarden. Luftline vidare til Kollsnes. Total kraftlinelengde er 36 km, der 27 km er luftline, 9 km er sjøkabel og 200m er jordkabel. Investeringskostnad 392 mill kr.

Alternativ 4 – Jord og sjøkabel –ikkje omsøkt

Jordkabel frå Mongstad til Hoppsundet i Lindås. Sjøkabel til Saltvik i Radøy. Kabel i ulike eksisterande vegstrekk over Radøy. Sjøkabel frå Kvalheim til Ljøsøysund i Øygarden. Jordbkabel

parallelt med gassrøyr mot Kollsnes. Total lengde med jord og sjökabel er 38 km. Investeringskostnad 1031 mill kr.

Dei ulike alternativa har ulik grad av negative konsekvensar for omgjevande. Kabling har lågast konfliktnivå for dei fleste tema. Av omsøkte trasear er alternativ 1 minst konfliktfylt, medan alternativ 3 har størst konfliktnivå.

Samanstilling av verknader for ulike trasestrekk. Kombinasjonar av delstrekkløysingar er mogeleg.

| Øygarden-Radøy | Kostnad i mill kr (kun line) | Landskap | Kulturminne | Friluftsliv | Landbruk | Biologisk mangfald | Nærføring |
|-------------------------------|------------------------------|-------------------|-------------------|----------------------|------------|-------------------------|-------------------|
| Alt. 1 | 350 | Middels til liten | Liten | Liten til ingen | Ubetydeleg | Liten | 0 |
| Alt. 2 | 385 | 0 | 0 | Ingen til liten | Ubetydeleg | Ubetydeleg til liten | 0 |
| Alt. 3 | 250 | Stor | Liten til middels | Middels til stor | Middels | Stor | 9 hus 5 hytter |
| Alt 3.1.2 | 325 | Middels | Liten | Middels | Ubetydeleg | Middels | 0 |
| Radøy-Austrheim-Lindås | | | | | | | |
| Alt 1 | 212 | Middels til liten | Ingen til liten | 0 | Stor | Middels | 0 |
| Alt2 | 440 | 0 | 0 | 0 | 0 | Liten | 6 hus 1 hytte |
| Alt 3 | 61 | Stor | Middels | Middels til liten | Middels | Stor | 2 hus 4 hytter |
| Alt 3.2.1 | 125 | Stor til middels | Middels | Ingen til liten | Middels | Stor (mindre enn alt 3) | 1 hus 2 hytter |
| Lindås | | | | | | | |
| Alt 1 | 18 | Liten | Liten | Ubetydeleg | Stor | (Mindre enn 1.2) | 0 |
| Alt 1.2 | 18 | Liten til middels | Liten | Ubetydeleg til liten | Stor | | 0 |

BKK søkte om følgjande trasealternativ, i prioritert rekkefølge:

1. Alternativ 1 og 1.2 : Kollsnes-Ljøsøysund-Kuvågen-Fesøysund-Tyttebærneset-Mongstad
2. Alternativ 3.1.2 : Kollsnes-Krossneset-Kuvågen –Fesøysund—Naustneset-Mongstad
3. Alternativ 3: Kollsnes-Ådneset-Kuvågen-Fosnstraumen-Mongstad

3. Tidlegare fråsegn i saka

Fylkesutvalet i Hordaland handsama i møte 19.06.08 sak 167/08 og gjorde følgjande vedtak om fråsegn:

1. *Fylkesutvalet ser at det er trøng for å styrke kraftnettet mot Kollsnes og Bergensregionen og er positiv til etablering av ny kraftline mellom Kollsnes og Mongstad.*
2. *Fylkesutvalet peikar på tidlegare fylkestingsfråsegn om at der finst gode alternative løysingar bør ein gå bort frå store skjemmande luftspenn og over til kabling. Eksisterande 300kV line i Øygarden er alt kabla av omsyn til landskapet, og fylkeskommunen krev at tilsvarande vert gjort i dette høvet. Av di det er naudsynt med kabling på delar av strekninga mellom Kollsnes – Mongstad er meirkostnaden for heil kabling for dette prosjektet mindre enn for andre*

kraftlineprosjekt. Fylkesutvalet meiner kabling i samband med samlokalisering med ny riksveg over Radøy må utgreiaast nærmare då dette kan redusere meirkostnadene ved heil kabling ytterlegare.

3. *Nordre og midtre alternativ har til dels store konfliktar med fleire regionale interesser, og av omsøkte løysingar er søndre alternativ å føretrekke.*
4. *Når det gjeld kulturminne, må det for valt traseløsing gjennomførast kulturminnegranskinger etter § 9 i Kulturminnelova på heile traseen, ikkje berre for eventuelle mastepunkt. For sjøkabel har Bergen sjøfartsmuseum eigne krav til gjennomføring av § 9 undersøkingar.*

Fråsegner frå kommunane, Fylkesmannen og andre høyringspartar har i stor grad same tilnærming som fylkesutvalet. Regionen krev i utgangspunktet kabling på heile strekninga, og av omsøkte luftlinetrasear er trase 1 å føretrekke.

4. NVE si innstilling i saka - vurdering

Vedlagt følgjer NVE si innstilling i saka oppsummert som eige faktaark. NVE vektlegg i stor grad kostnadsbiletet i sine val, men har gjort eit unnatak i Øygarden der dei rår til nest rimelegaste løysing. Nærferding med bustadhus er her vektlagd. Sjølv om Øygarden i ein tidlegare kraftlinesak politisk fekk gjennomslag for kabling grunna sårbart landskap, rår NVE ikkje til dette i denne saka dei viser til at denne delen av kommunen alt har inngrep med andre kraftliner og industrianlegg. Med unnatak for kryssinga av Radøy som ligg føre berre i eitt alternativ, er ingen av delstrekka i NVE si innstilling lik BKK sine prioriterte. NVE rår til at det vert gjeve konsesjon for midtre trasealternativ (3.1.2) frå Kollsnes til Radøy, alternativ 1 over Radøy til Mjøs og nordre alternativ (alternativ 3) vidare til Mongstad. NVE si innstilling inneber høgt konfliktnivå med fleire interesser. For delstrekkt Øygarden –Radøy er det middels konflikt med landskap, friluftsliv og biologisk mangfald. Tilråding om nordre trase (alternativ 3) inneber stor konflikt med landskap og biologisk mangfald, og middels konflikt med kulturminne og landbruk. I tillegg vil lina vere mindre enn 100m frå tre bustadhus og seks hytter.

Kulturminne

Bakgrunn

I innstillinga til NVE er i hovudsak alternativ 3.1.2 (midtre) frå Øygarden til Kuvågen på Radøy og deretter alternativ 3 (nordre) vidare til Mongstad, anbefalt. Hordaland fylkeskommune har, i likskap med konklusjonane i konsekvensutgreiinga, vurdert desse alternativa som dei klart mest konfliktfylte i høve til kulturminne og kulturmiljø.

Kulturmiljø i Fosenstraumen

Fosenstraumen er ein del av eit fjordsystem som dannar ein naturleg flaskehals for ferdsel og kontakt, både langs kysten og mellom ytterkystsona og fjordstrøka lengre inne. Slike straumar er ressursoptimale i fangstsamanheng og har hatt ei særstak betydning i steinalderen kor fiske og jakt på sjøpattedyr i lange periodar har vore hovudvervet. I tillegg er straumen og ein viktig kommunikasjonsåre.

I Fosenstraumen er det kjend 76 buplassar frå steinalder. Steinalderbuplassane utgjer eit heilsakeleg kulturmiljø med ein stor tidsdjupne. Området har ein høg opplevings- og formidlingsverdi. Grunna dei store kultuminneverdiiane er store delar av Rapeneset lagt som spesialområde i kommuneplanens arealdel i Radøy, jf gammel plan- og bygningslov § 20-4. 1 ledd. nr. 4, bandlegging etter lov om kulturminne.

Den anbefalte traséen til kraftlinja er planlagd å gå rett gjennom det bandlagte området som ligg på Rapeneset. Det er slik stor grad av konflikt.

Om innstillinga

I bakgrunn for innstillinga skriv NVE følgjande om høve til Kulturminnelova (s 8): "Alle fysiske inngrep som direkte kan påvirke kulturminner eller kulturlandskap, skal avklares mot kulturminneloven (...) Eventuelle direkte konflikter mellom det planlagte tiltaket og automatisk fredete kulturminner må avklares gjennom en dispensasjonssøknad etter kulturminneloven"

NVE meinar at ingen av dei omsøkte kraftledningstraseane vil kome i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne, men konstaterar at kryssinga over Fosnstraumen vil medføre ein stor visuell påverknad av området og at kraftlinja vil innebere store og synlege element som vil ha betyding for opplevinga av dette landskapet. NVE konkluderar med at kraftlinja vil kunne påverke det planlagde kulturminnevernområdet negativt gjennom visuell forstyrring, men kan ikkje sjå at verknadane for det planlagde verneområdet i seg sjølv vil vere avgjerande for val av trasé.

Kommentar:

Hordaland fylkeskommune vil påpeike at eventuelle konfliktar med kulturminne i størst mogleg grad skal unngåast. Det er eit nasjonalt mål at tapet av kulturminne og kulturmiljø skal minimalisera. Overordna planar skal i størst mogleg grad ta omsyn til nasjonale verdiar og leggje linja tilstrekkeleg bort, eventuelt velje eit anna alternativ. Det er kulturminnemynde sin oppgåve å vurdere om tiltak er i konflikt med kulturminne og eventuelt kva løysingar som skal krevjast.

NVE si oppfatning av direkte konflikt med automatisk freda kulturminne er heller ikkje i tråd med Kulturminnelova si § 3, eller kulturminneforvaltninga sine vurderingar. Det er kulturminnemynde si oppgåve å vurdere om tiltak er i konflikt med Kulturminnelova.

Hordaland fylkeskommune viser til at dette er eit område som er forankra i eksisterande kommuneplan som spesialområde bandlagt etter kulturminnelova, grunna det høge talet buplassar. Konklusjonen til NVE, om at tiltaket ikkje vil komme i direkte konflikt med kraftleidningstraseen er misvisande då rette mynde viser til konflikt etter § 3 i Kulturminnelova. Hordaland fylkeskommune vurderer det anbefalte traséalternativet til å vere i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne.

Det er knytt motsegn til traséval som går over Rapeneset og Fosenstraumen.

Andre automatisk freda kulturminne

Av andre automatisk freda kulturminne ligg det to lokalitetar på strekninga mellom Kuvågen og Mjøs. Dette er ID 90945-Melkevika og ID 90920-Mjøsvatnet, høve svis eit kollag og ei tuft. Desse vil avklara betre under ei eventuell arkeologisk registrering. Kulturminna indikerar at det kan ligge fleire kulturminne i området.

Det er ikkje knytt motsegn til dette punktet.

Marine kulturminne

Bergens Sjøfartsmuseum er i direkte kontakt med BKK, jf brev datert 22.03.2011. Dei ynskjer ei marin teknologisk kartlegging av sjøbotn. Dette for å kartleggje eventuelle marine kulturminne det må takast omsyn til.

Hordaland fylkeskommune visar til at uansett traséloysing må ein gjennomføra kulturminne-granskningar etter § 9 i Kulturminnelova på heile traseen. I tillegg skal det også undersøkast i område som er tiltenkt tilførselsvegar, riggområde, deponi og alle andre tiltak i samband med kraftlinja. Eit kostnadsoverslag vil verte utarbeida og oversendt for godkjenning.

Vi ser ikkje at vi rekk å gjennomføre ei arkeologisk registrering i inneverande sesong, men tidlegast vår 2012. For sjøkabel har Bergen sjøfartsmuseum eigne krav til gjennomføring av § 9 undersøkingar.

Nyare tids kulturminne

Hordaland fylkeskommune går ut i frå at utgreiinga ”Konsekvenser for kulturminne og kulturmiljø”, laga av RISS Landskap AS, gjev eit godt nok grunnlag for å vurdere kva konsekvensar planane får for nyare tids kulturminneverdiar i planområdet. Regionen er rik på fornminne og ulike bygningstypar og miljø, særleg knytt til sjøbruksmiljø og handels- og gjestgjevarstadar. Alternativ 3.2.1 gjev negativ verknad for Den indre farleia, og med plassering av mast på øy midt i sundet gjer dette meir synleg enn alternativ 3




Fig. 1. Utsnitt av kommuneplanens arealdel, Radøy kommune. Kartet viser det bandlagde området på Rapeneset




Fig. 2. Utsnitt av Riksantikvarens kulturminnekatalog. Kartet viser automatisk freda kulturminne på Rapeneset og Fosenstraumen.

Samla vurdering

NVE si innstilling er ikkje prioritert av søkjær, av kommunane, Fylkesmannen eller Fylkeskommunen. NVE er lite viljug til å dempe konfliktnivået for lina ved å gje løyve til lengre delstrekks kabling, då dette inneber meirkostnadar som dei ikkje meiner kan forsvarast.

Regionen er samstemt på at kabling (jord + sjø) er det beste alternativet. Dette er ikkje omsøkt av BKK. Av omsøkte løysingar er BKK sitt prioriterte (alternativ 1) minst konfliktfylt. Det er

oppiksvekkjande at NVE i so lita grad syner vilje til å høyre på søkjær og høyringspartane, og nesten utelukkande nytte kostnad som grunnlag for tilråding.

Vurderingane kring denne saka frå mi side er som då saka var oppe i 2008. NVE tilrår alternativ 3 som er i vesentleg konflikt med fleire viktige kulturminne.

Det er knytt motsegn til traséval som går over Rapeneset og Fosenstraumen.